



Klepp kommune
Postboks 25
4358 Kleppe

Kontakt saksbehandlar

Malene Hassel Sørensen, 51568840

Uttale- kommunal planstrategi - Klepp - 2023-2027

Vi viser til brev datert 22.11.2023 der forslag til planstrategi 2020 – 2023 blir sendt ut på høyring.

Vi takkar kommunen for moglegheita til å gje tidleg innspel til arbeidet med planstrategien. Det er positivt at kommunen er i gang med arbeidet med planstrategien allereie nå, slik at denne kan vedtakast tidleg i kommunestyreperioden. Dette er i tråd med punkt 2 i nye Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, som seier at arbeidet med planstrategiar skal prioriterast for å sikre at planane er oppdaterte og møter behova som følger av endringar i samfunnsmessige, demografiske, politiske og naturgitte forhold.

Av nye nasjonale føringar vil vi særleg trekke fram følgande:

- nye Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027
- ny nasjonal jordvernstrategi og revidert regionalt jordvernmål
- forpliktingar i den nye Naturavtalen
- endring av klimamåla for 2030 i § 3 i klimaloven
- ny barnevernslov
- ny lov om kommunanes ansvar på det boligpolitiske feltet.

I tillegg er det komen nye rettleiing frå Regjeringen for planlegging av arealbruk, bl.a. for planlegging av LNF-spredd og fritidsbebyggelse.

I det vidare har vi konkrete innspel til vurderingar innanfor våre sektoransvarsområder.

Lovgrunnlag

Å vedta kommunal planstrategi er ei lovpålagt oppgåve med heimel i plan- og bygningslova § 10-1 som lyder slik:

Kommunestyret skal minst en gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i planperioden.



Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunal planstrategi er først og fremst eit strategisk dokument for kommunen som skal vere førande for kommunen sine prioriteringar av planarbeidet i den komande valperioden. Utarbeiding av planstrategien skal ta utgangspunkt i kommunens behov basert på ei lokal vurdering, men strategien skal også gi grunnlag for å vareta nasjonale og regionale interesser i den kommunale planlegginga.

Med bakgrunn i våre sektorinteresser har vi følgjande merknadar til det oversendte forslaget:

Interkommunalt samarbeid

Interkommunalt samarbeid er i dag ein viktig del av kommunen si verksemd. Interkommunalt samarbeid kan omfatte alt frå utføring av tenester, faglege nettverk for informasjonsutveksling og kompetanseheving, til politiske samarbeidsorgan for ein region m.m. Det er lagt til rette i kommune-lova for samarbeid mellom kommunar både når det gjeld drifts- og myndigheits oppgåver. Kommunen kan gjennom arbeidet med planstrategien legge opp til ein systematisk gjennomgang av om det er område i kommunen der ytterlegare samarbeid, eller nye samarbeidsformer, med andre kommunar kan vere naudsynt for å levere god kvalitet på lovpålagte tenester, oppnå effektiviseringsgevinstar og sikre eit berekraftig velferdssamfunn inn i framtida.

Folkehelse

Arbeidet med planstrategi skal bygge på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag. Folkehelselova § 5 set krav til kommunen om å ha naudsynt laupande oversikt over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som påverkar helsa. Kvart fjerde år skal kommunane utarbeida eit samla oversiktsdokument. Oversiktsdokumentet skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi, jf. folkehelselova § 6 og forskrift om oversikt over folkehelsa § 5. Konsekvensar og årsaksforhold skal vere vurdert i oversiktsdokumentet, og trekk ved utviklinga som kan skape eller oppretthalde sosiale eller helsemessige problem skal ha eit særskilt fokus.

Folkehelseutfordringane skal vektleggast i drøfting og vurdering av alle relevante planar for kommunen som samfunn og organisasjon, jf. plan og bygningslovas § 3-1 f. Dersom oversiktsdokumentet viser at kommunen har folkehelseutfordringar på eitt eller fleire område, men ikkje har mål, tiltak og strategiar for å løyse dette i eksisterande planar, eller ser at noverande planar ikkje er gode nok, bør dette drøftast i arbeidet med planstrategien. På denne måten vil ein også sikre ei overordna koordinering av den tverrfaglege innsatsen som må til for å følgje opp identifiserte folkehelseutfordringar.

Helsedirektoratet sin rettleiar «Systematisk folkehelsearbeid» gir god oversikt over kommunen sitt ansvar for oversikt over helsetilstand og påverkingfaktorar i kommunen si befolkning [Systematisk folkehelsearbeid - Helsedirektoratet](#)

Statsforvaltaren vil utover dette trekke frem lovendingar knyta til barnevernsreforma og kommunen sitt ansvar på det bustadsosiale feltet.

Barnevernsreforma flyttar meir ansvar til kommunane på barnevernsområdet. Reforma skal bidra til å styrke det forebyggjande arbeidet, tidleg- og tverrsektoriell innsats. Ny lov om barnevern § 15-1,



pålegg kommunane å utarbeide ein plan for arbeid med å forebygge omsorgssvikt og åtferdsproblem. Planen skal vedtakast av kommunestyret og kan sjåast som ein av grunnsteinane i kommunen sitt arbeid med barnevernreforma. Klepp kommune var tidleg ute og vedtok i kommunestyremøte den 12.12.2022 at lovkravet blir teke vare på gjennom Kvalitetsplan barn og unge, Kleppmodellen og Grunnmuren. Statsforvaltaren ser ikkje noko i vegen for at kommuneplanen for å førebyggja omsorgssvikt og åtferdsproblem kan takast inn i allereie eksisterande planar. Det siste året har Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet og Statsforvaltaren jobba med å gjera tydelege forventningar til innhald i planen. Statsforvaltaren tilrår derfor Klepp kommune å vurdere å rullera Kvalitetsplan barn og unge i den hensikta å sikra at nasjonale krav og forventningar er godt nok tatt inn i planen.

Ny lov om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet § 5 pålegg kommunen å ha oversikt over behovet for både ordinære og tilpassa bustadar for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Med tilpassa bustader er det meint bustader med hjelpe- og vernetiltak for dei som treng det på grunn av alder, funksjonsnedsetjing, rus- og/eller psykiske plagar eller andre årsaker. Oversikten skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi etter plan- og bygningslova § 10-1. Ei drøfting av kommunen sitt bustadsosiale arbeid bør inngå i planstrategien. Kommunen skal i sitt arbeid med kommuneplanen etter plan og bygningslova kapittel 11 fastsette overordna mål og strategiar for det bustadsosiale arbeidet. Måla og strategiane skal vere eigna til å møte dei utfordringane kommunen står ovanfor med utgangspunkt i oversikten nemnt i første punktum. § 10 i den nye lova om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet er ei overgangsføresegn som seier at krava til planstrategi og kommuneplan etter § 5 skal være oppfylt seinast fire år etter at lova trer i kraft.

Klepp kommune har i kunnskapsgrunnlaget ikkje skrive noko spesifikt om bustadsosiale utfordringar eller faktiske situasjonen på feltet i kommunen. Under punktet befolkningsutvikling peikar kommunen på at bustadprisane har auka som følge av auka bustadprisar på Nord-Jæren, nokon som forplantar seg til kommunar i nærliggjande område – òg Klepp.

Når det gjeld bustad, har ikkje kommunen med noka oversikt over behov eller status for ulike typar bustader for befolkninga si. Den bustadsosiale lova som tredde i kraft 1. juli i år, stiller krav om dette. Kommunane har ei overgangsordning på fire år for å få dette på plass. Me vil likevel tilrå kommune å seia noko om det bustadsosiale feltet som del av kunnskapsgrunnlaget. Når kommunen snakkar om bustad, er dei opptekne av areal.

Når planarbeidet skal gjerast, er det viktig at alle vanskelegstilte grupper på bustadmarknaden blir omtalte og vareteke.

FN-konvensjonen for menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)

FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD) skal leggast til grunn i alt arbeid i kommunen som råkar personar med funksjonsnedsetting. Dette betyr innan dei fleste av kommunen sine tenester og ansvarsområde. Å bygga opp kompetansen om CRPD, og om det praktiske arbeidet som må til for å oppfylle rettane til personar med funksjonsnedsetting, krev eit eige fokus i kommunen. Å få CRPD med som eit prioritert område i overordna planar, vil sikre naudsynt forankring og betre moglegheiter til å lykkast med arbeidet. Planstrategien bør derfor adressere kvar arbeidet med CRPD skal tas inn i kommunen sitt planverk.

Utdanning

I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, blir det trekt fram at det vil bli utfordrande å nå målet om mindre ulikskap. Utdanning er heilt sentralt for å utjamne forskjellar, og



då kravs barnehagar og skular med høg kvalitet. I kunnskapsgrunnlaget til planstrategien må kommunen derfor utarbeide oversikt over styrker og utfordringar i fagområda, og vurdere om det er område som krev nye eller oppdaterte planar.

Dei nasjonale forventningane trekk og fram viktigheita av å tidleg vurdere lokalisering og arealbehov for nye skular og barnehagar. Skule- og barnehagebruksplanar bør vere oppdaterte på befolkningsframskrivingar og planar for bustadbygging. Det bør settas av areal til nye skular og barnehagar, som er i tråd med nasjonale myndigheiter sine anbefalingar.

Klepp har ikkje tatt stilling til om kommuneplanen frå 2022 skal reviderast. Gjeldande Kvalitetsplan Barn og unge 2022-2028, skal ikkje reviderast i perioden. Skulebruksplanen skal oppdaterast, men ikkje barnehagebruksplanen. Kommunen bør vurdere om det er behov for å justere også denne i planperioden.

Utdanning er viktig for å hindre utanforskap, og i forventningane til planstrategi blir det nemnt bekymring for barn og unge som står utanfor skule, utdanning og arbeidsliv. Rogaland har over tid hatt det lågaste fråfallet frå vidaregåande opplæring i landet, men det er viktig at kommunane stadig vurderer tiltak for å uke delen som fullfører. I ei tid kor alle kommunane busett flyktningar, er det viktig at kommunane har gode planar for å inkludera dei nyankomne, og eit godt opplæringstilbod, og for vaksne.

Klepp kommune har busett mange flyktningar dei siste åra, og skal truleg busette mange også dei kommande åra. Kommunen har ingen sentral plan for å integrere og inkludere disse, og heller ikkje for opplæringstilbodet. Klepp bør derfor vurdere om det er behov for ein slik plan.

Økonomisk handlingsrom

Kommunen bør i arbeidet med økonomiplanen jobbe for å oppretthalde et godt økonomisk handlingsrom inn i framtida. Dette for å kunne handtera skiftande rammevilkår og uforutsette hendingar. Klepp kommune har eit større økonomisk handlingsrom og den økonomiske berekrafta er god.

Arealbruk

I nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging er det tydeleg kommunisert at kommunane må vurdere arealbruken opp mot viktige omsyn som jordvern, naturvern, klimaendringar og klimagassutslepp, jf. bl.a. pkt. 45, 47, 53, 66 og 69. I pkt. 47 står det at kommunane ved revidering av kommuneplanen sin arealdel skal vurdere om tidlegare godkjent arealbruk skal endrast av omsyn til klima, naturmangfald, kulturmiljø, jordvern, reindrift, klimatilpassing, samfunnstryggleik og eit hensiktsmessig utbyggingsmønster.

Løysningen for vidare vekst i kommunen veil vere fortetting, gjenbruk og transformasjon av allereie utbygde areal, og interkommunalt samarbeid. Jordbruksareal, viktige natur- og friluftstarealer og karbonrike areal som myr, skog og anna næringsrik jord skal ikkje omdisponerast. Planstrategien bør derfor også gjennomgå arealbruk og arealpolitikk i kommunen, og sørge for at desse samanfalle med viktige klima- og miljøomsyn.

Landbruk

Me syner til rettleiar for [Planlegging for spredt bolig,- fritids- og næringsbebyggelse i landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområder](#) frå mai 2020. Fleire kommunar i Rogaland har ved revisjon av kommuneplanen sin no hatt ein gjennomgang og endring av måten å framstille eksisterande spredde tiltak (bustad og fritidsbustad) i LNF-områda i tråd med rettleiaren. Me syner i denne



samanheng til det arbeidet Suldal kommune gjorde i sin kommuneplanrevisjon no i 2022/23 som eit døme. Klepp kommune bør vurdere å gjere dette også, jf. også presisering frå Kommunal- og distriktsdepartementet i eit brev til Statsforvaltaren om tematikken som er omtala i [denne](#) saka på vår nettstad.

Stortinget vedtok den 16.06.2023 ny, [nasjonal jordvernstrategi](#), kor det nasjonale målet for omdisponering av landbruksjord er redusert til maksimalt 2000 dekar dyrka jord i året. Det inneber at alle kommunar må ha fokus på å unngå omdisponering, vurdere tilbakeføring av areal som ligg i kommuneplanen og som over tid ikkje har vore regulert eller ikkje tilfredsstillar viktige mål innanfor ATP, effektiv utnytting, omsyn til jordvern og natur mv. Klepp kommune har ein eiga temaplan for landbruk med hovudmål om å verdsetta ressursar som landbruksjord og natur, og prioritera vern av matjorda. Me nemner i den samanhengen også at Klepp kommune bør starta arbeidet med ein eigen jordvernsstrategi der det utarbeidast eit konkret jordverns mål basert på nasjonale og regionale føringar, sjølv om dette arbeidet kan bli krevjande jf. Høyringsutkast til planstrategi. I tillegg til Nasjonal jordvernstrategi frå juni 2023, er revidert Regional jordvernsstrategi er eit godt verktøy. Eit konkret jordverns mål bør også innarbeidast i samfunnsdelen, slik at det får ei best mogleg forankring og at det blir lagt til grunn ved revisjon av arealdelen.

Me legg til grunn at kommunen i vidare plan- og utgreiingsarbeid utarbeidar ein arealstrategi og eit arealrekneskap. Det finst mykje rettleiingsmaterieil med vidare på Kommunal- og distriktsdepartementet sin nettstad, mellom anna temaside om Regional- og distriktspolitikk og Planlegging etter plan- og bygningslova. Til dømes [Meld. St. 27 \(2022-2023\) – Eit godt liv i heile Noreg – distriktspolitikk for framtida](#) og [Utvikling og evaluering av arealstrategiarbeid i åtte distriktskommunar](#).

Når det gjeld utviklingstrekk og utfordringar innanfor landbrukssektoren i Klepp er kommunen kjent med fleire av desse, og me syner til dømes til funn i spørjeundersøkinga «[Framtidsutsikter for landbruket i Rogaland](#)» og anna statistikk som kunnskapsgrunnlag for å gripe fatt i tematikken. Mjølkesektoren er avgjerande i Klepplandbruket og overgangen til lausdriftsfjøs innan 2034 er ei utfordring for bøndene i kommunen. Det er og kjend at det i 2024 vil kome endringar i regelverk knytt til handtering av husdyrgjødsel, noko som utfordrar ein husdyrkommune som Klepp.

Elles syner me til nye [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#) av 20.07.2023, kor Regjeringa sine forventningar til kommunane si planlegging, klima, miljø og jordvern med vidare kjem fram. Regjeringa forventar at kommunane prioriterer arbeidet med planstrategiar for å sikre at planane er oppdaterte og møter behova som følgjer av endringar i samfunnsmessige, demografiske, politiske og naturgitte forhold.

Strandsone

Avklaring av arealbruk i strandsona skal skje gjennom planlegging, og først og fremst gjennom kommuneplanen sin samfunns- og arealdel, jf. [Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen](#) (SPR-strandsone). Strandsona er ein avgrensa ressurs av nasjonal og regional betydning. Jf. pbl. § 1-8 skal det tas særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, landskap, friluftsliv og andre ålmenne interesser i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag.

Natur og klima

Kommunane si arealplanlegging er avgjerande for at Noreg skal kunne redusera utsleppa i arealbrukssektoren fram mot 2030, og for ivaretaking av natur. [Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#) (SPR-klima) seier at kommunen i sin planstrategi skal «*omtale behovet for oppdatering av eksisterende eller utarbeiding av nye planer, i lys av forventede*



klimaendringer og tidligere uønskede naturhendelser. I planstrategien skal det gjøres en vurdering av om hensynet til et endret klima innebærer et behov for oppheving eller revisjon av gjeldende planer.»

Retningslinja må sjåas i samanheng med [klimaloven](#), og særleg loven sin § 3, klimamål for 2030, som blei oppdatert hausten 2022 til å vere «*reducere klimagassutslippene med minst 55 % innen 2030*»¹ samanlikna med 1990. Formålet med SPR-klima er å sikre at kommunane prioriterer arbeid med å redusere klimagassutslipp, legge om til miljøvenleg energi, og ivareta klimatilpassing i planlegging. Dette skal gjerast gjennom *bruk av et bredt spekter av kommunens roller og virkemiddel*. Statsforvaltaren meiner derfor at utsleppsreduksjon, energiomlegging og klimatilpassing som viktige og sektorovergripande satsingsområde bør vere eit tema i kommunen sitt overordna planverk.

FN seier at val som blir tatt dette tiåret vil påverke planeten vår i tusenvis av år frem i tid². Kommunen har derfor eit ansvar for å bygrensa sine klimagassutslipp, både som organisasjon og som kommune. Når denne planstrategien skal erstattast, vil det vere ca. 2 år til målsetninga om minst 55 % utsleppskutt samanlikna med 1990 skal vere nådd. Det er derfor klare forventningar om at planperioden vi no går inn i nyttas til å legge kortsiktige og langsiktige planar for permanente klimagassutslppsreduksjonar, og at kommunen sitt planverk oppdaterast i høve til klimalovas målsetningar, statlege planretningslinjer og nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027.

SPR-klima seier at *Planer som behandler klima- og energispørsmål skal vurderes revidert minst hvert fjerde år, jf. bestemmelsene om revisjon av kommunale og regionale planstrategier*. Vi anbefaler derfor at alle kommunar i Rogaland utarbeider ein oppdatert kommunedelplan for klima, med målsetningar som minimum tilfredsstillar den nasjonale målsetninga. Alle kommunar i Rogaland bør og utarbeide handlingsplanar med konkrete tiltak som skal settast i verk for å nå disse målsetningane. Desse handlingsplanane bør samordnast eller integrerast i økonomiplanen.

I Noreg har vi eit mål om at ingen artar eller naturtypar skal forsvinne, og at vi skal verne ein representativ del av den norske naturen for framtidige generasjonar. Dette har og blitt meir aktuelt etter at Noreg, saman med 195 andre land, skreiv under på Naturavtalen i Montreal i 2022, kor eit av måla er å verne 30 % av all natur på land og i vann innan 2030. FN har vidare erklært 2021-2030 som tiåret for restaurering av natur. Restaurering av økosystem har som mål å forhindre, stoppe og reversere svekkinga av økosystem på alle kontinent og i alle hav. Den nye naturavtalen peikar på kor viktig det no er å restaurere meir natur, og har satt som mål å restaurere 30 % av dei forringa økosystema innan 2030. Naturavtalen sine målsetningar legg og føringar for kommunane i Rogaland, og vi anbefaler at kommunane legg opp til at naturavtalen sine målsetningar om vern og restaurering kan nås i kvar kommune, eller at det samarbeidast på tvers av kommunegrensar for ein heilskapleg måloppnåing.

Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for naturen er eit viktig grunnlag for planlegginga, og planprosessane kan bidra til å identifisere viktig naturmangfald, økologiske samanhengar og viktige funksjonsområde på land og i sjø. Eit systematisk arbeid med naturmangfald i planlegginga vil bidra til langsiktig ivaretaking av verdifulle naturområde, og kan avdekke behovet for meir kunnskap. Ein tematisk kommunedelplan for naturmangfald kan vere eit ledd i eit slikt arbeid. Vi minner om at Miljødirektoratet har utarbeida ein eigen [retteiar](#) for utarbeiding av slik plan. Kommunane kan søke om midlar til utarbeiding av kommunedelplan gjennom Miljødirektoratet sin årlege støtteordning. Vi vil informere om når det blir opna for nye søknader til ordninga.

¹ <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/nytt-norsk-klimamal-pa-minst-55-prosent/id2944876/>

² <https://www.ipcc.ch/report/ar6/syr/>



Ramsar- og jærstrendene landskapsvernområde er verna naturområde med internasjonal verdi. Det må tas tilstrekkeleg omsyn i områda rundt, slik at naturmangfaldet i desse områda ikkje skjemmast.

Samfunnstryggleik og beredskap

Klepp sin heilskaplege ROS-analyse (HROS) er ifrå 2019, og er planlagt revidert i 2026/27. Etter 2019 har vi hatt ein pandemi, store endringar i det tryggingpolitiske biletet og stadig meir informasjon om kva klimaendringane og det grønne skiftet inneber for kommunane. Vi har også revidert FylkesROS i år, der det er mykje informasjon som bør inngå i kommunen sin HROS. DSB anbefaler revisjon av HROS kvart 4. år, og forskrift om kommunal beredskapsplikt §2 seier : «Risiko- og sårbarhetsanalysen skal oppdateres i takt med revisjon av kommunedelplaner, jf. [lov 27. juni 2008 nr. 71](#) om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) § 11-4 første ledd, og for øvrig ved endringer i risiko- og sårbarhetsbildet». I lys av alle endringane i risikobiletet vil vi tilrå å revidere HROS tidlegare. Dette gjeld også for at den skal kunne fungere som eit grunnlag for arbeidet med kommuneplan.

I planstrategien skal det også gjerast ei vurdering av om omsynet til samfunnstryggleik og eit endra klima inneber eit behov for oppheving eller revisjon av gjeldande (regulerings)planer. Dette kan gjelde til dømes planlagt utbygging i områder utsett for flaum, på areal der det finns kvikkleire, eller utsett for havnivåstigning og bølger.

Når det gjeld revidering av klima- og miljøplanen ser vi at kommunen vil skilje klimatilpassing/klimarisiko ifrå temaplan for natur og miljø. Det kan vere eit godt grep, men det er likevel viktig å få fram korleis dette heng saman. Naturkrise og klimakrise er tett samanvevde, og mykje av både klimatilpassinga og utsleppsreduksjonen er avhengige av bevaring og restaurering av natur. Naturbaserte løysingar vil vere viktig for vasshandteringa i klepp, og gjere kommunen meir robust for dagens og framtidige klimaendringar både når det gjeld for mykje og for lite nedbør. Også i eit folkehelseperspektiv er det viktig å ta vare på meir natur nær der folk bur.

Me ønska kommunen lykke til med arbeidet, og oppfordrar til å ta kontakt dersom kommunen ønsker bistand frå oss i arbeidet med planstrategi eller seinare planarbeid i perioden.

Med helsing

Lone Merethe Solheim (e.f.)
ass. statsforvalter

Marit Sundsvik Bendixen
fylkesmiljøvernssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune

Postboks 130

4001

Stavanger

